



Fjeldstad & Sandvik TømrerTeam AS
Vestbygdvegen 56
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1708 - 17/14158

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
04.07.2017

Godkjenning - oppføring av balkong på bustad i Dalemarka, gbnr 21/90.

Administrativt vedtak. Saknr: 194/2017

Tiltakshavar: Knut-Stian Fjeldstad
Ansvarleg søkjar: Fjeldstad & Sandvik TømrerTeam AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) §§ 20 - 3, jf. 20 - 2, jf. 20 - 1 .

Saksutgreiing:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve i eitt trinn for oppføring av balkong på bustad i Dalemarka, gbnr 21/90. Det vert vist til søknad med vedlegg journalført 21.06.2017.

Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla i perioden 05.04.– 23.05.2017 i samsvar med pbl § 21-3 . Det er ikkje motteke merknader frå nokon av dei varsla partane. Tiltaket vert etter dette rekna som tilstrekkeleg varsla, jf. pbl § 21-3.

Lov- og plangrunnlag:

Gbnr 21/90 er i reguleringsplan for Dalemarka bustadområde – planid 1256 2000 0127- avsett til bustad. Omsøkt tiltak er i samsvar med reguleringsplanen.

Tiltaket si høgd, plassering og avstand til nabogrense:

Eigar av gbnr 21/91 har samtykka i at tiltaket vert plassert 3,8 m frå grense mellom gbnr 21/90 og 21/91, jf erklæring dagsett 01.05.2017.

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf vedlagt situasjonsplan motteke 21.06.2017.

Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløyising og utsjånad:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1 .

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 21.06.2017. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1.

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

Vedtak

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 løyve til oppføring av balkong på bustad i Dalemarka, gbnr 21/90 - jf. søknad med vedlegg journalført 21.06.2017.

Plassering av tiltaket skal vere som vist på situasjonsplan journalført 21.06.2017, og i samsvar med erklæring frå eigar av gbnr 21/91.

Ansvar i saka gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf. ovanfor.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i retulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
21-90

Kopi til:

Knut-Stian Fjeldstad

Dalemarka 71 A 5918

FREKHAUG

Mottakere:

Fjeldstad & Sandvik TømrerTeam AS Vestbygdvegen 56 5918

FREKHAUG